

Klargjering av nye lys til Julagrano.

11.11.2019



Ståle Eik, Knut Steinsletten og Lars Myklebust godt i gang med monteringsarbeidet.

Når den staselege julegrana i Uskedalen vert tend for 57. gang den 1.desember kl.16, vil den vera pynta med flunkande nye lys. Dette er blitt mogeleg etter ei flott pengegåve frå Sparebankstiftinga Kvinnherad på 70.000 kroner og ein solid dugnadsinnsats frå eldsjeler i Uskedal musikklag. Det er musikklagsmedlemmer som i alle år har stått for pynting og vedlikehald.



Nøyaktige og samspelte karar som jobbar godt i lag.

Det gamle lysutstyret var svært slite og trong stadig reperasjon. Derfor vart det søkt om midlar til innkjøp av nytt. Svært gledeleg var det då at Sparebankstiftinga Kvinnherad tildelte 70.000,- kr. Etter god planlegging og innkjøpsrundar av dei to største julegraneldsjelen, Knut Steinsletten og Lars Myklebust, er utstyret no kjøpt inn.

I kveld hadde dei to fått med seg to andre eldsjeler, Ståle Eik og Svein A. Sunde, og dei var i full gang med monteringsarbeid i skulen. Det var klargjering og tilkapping av lyslekkjer. Kvar lekkje vil no ha 11 pærer, og det vil vera 7 lekkjer som prydar treet. Saman med pæra i toppen vert det altså 78 pærer. Lyslekkjene vart festa til wire med strips og tape for å forsterka dei. Straumkabel må koplast til kvar lekkje, og den må også utstyrast med sjaklar og festetau. Då uskedalen.no var innom skulen gjekk arbeidet unna, men dei fire tok seg tid til kaffi, konfekt og kjeks. Kaffistund høyrer med til dugnader.

Kor mykje tid dei vil trenga på monteringsarbeidet, var dei usikre på, men det er sikkert at det trengs fleire kveldar. Like sikkert er det at dei vert ferdige i god tid før pynting nokre dagar før Julagrano vert tend søndag 1. desember. Det er veret som bestemmer dag og tid for pynting. I så måte kjem det vel med at alle eldsjelene er pensjonistar. Tidlegare hende det fleire år at dei måtte ta fri arbeid for å få pyntinga gjort før tenningsarrangementet. Grunnen var at vergudane var lite samarbeidsvillige. Dårleg ver har også ført til at det mange år har vore mykje arbeid med skifting av lyspærer for at grana heile tida skal vera så fin som mogeleg. No er det kjøpt inn led-pærer, og det vert spennande å sjå kor godt dei toler ver og vind.

Det ligg ein imponerande innsats bak at vi i Uskedalen har den finaste julegrana i mils omkrins. Det er vi svært takknemlege for og veldig mange set pris på dette lysande landemerket i den mørkaste årstida.



Lekkjene vart strekte ut i gangen, og Svein A. Sunde teipar og stripsa lenkja til vaieren.



Gode folk i godt samarbeid.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland